

## Referat foreldremøte mandag 20.april.

### 5 klasse

#### Sak 1) Nasjonale prøvar.

Nasjonale prøvar i Engelsk: Her ligg me akkurat på gjennomsnittet i landet, noko me er godt nøgd med. Klassen har jobba godt med engelsk i haust. Lisbeth ser resultat av dette i timene.

Nasjonale prøvar i Matematikk: Her ligg klassen rett over gjennomsnittet i landet. Me skal halda fram med det gode arbeidet.

Nasjonale prøvar i Lesing: Når det gjeld lesing har klassen ein del å jobba med for å komma opp på gjennomsnittet i landet.

Tiltak som er satt i gang for å bli ein betre lesar :

- «Lesekvart» Elevane les i eit kvart kvar dag på skulen
- Leseuniverset, der me har veileda lesing
- Repertande lesing, der elevane øver på rett uttale
- Mengdelesing.
- Studieteknikkar som VØL-skjema, Bison-overblikk, nøkkelord, tankekart og kolonnenotat blir repertert med gjevne mellomrom.
- To timar i veka jobbar me med leseforståing .

#### Sak 2. Elevundersøkinga frå i haust.

På elevundersøkinga me hadde i haust fekk me konkrete tilbakemeldingar frå elevane. Her kjem ein oversikt over korleis me ligg an i forhold til elevundersøkinga 2013

Dette hadde me forbetra oss på sidan 2013:

- trivsel
- støtte frå lærarane
- vurdering for læring . Noko vi har jobba mykje med både før og etter ekstern skulevurdering.
- læringskultur
- motivasjon
- elevdemokrati og medverking
- felles reglar

### Dette har ikkje forandra seg sidan 2013

- støtte heimafrå
- faglege utfordringar

### Dette var dårlegare resultat på i år enn 2013

- Mobbing. Denne undersøkinga vart gjort i haust. Då hadde vi nokre saker som me kartla, og som til slutt viste seg *ikkje* å vera mobbing. Det kan ha hatt innverknad på svara som blei gitt. Men me er ikkje nøgde, og me skal jobba mot lågare tal.

### Tiltak som me har mot mobbing på Hordabø skule:

- Elevsamtalar + «kvardagssamtalen»
- «Det er mitt val»
- Klar tiltaksplan dersom me mistenker mobbing
- Sosiogram
- Vakt/observasjon
- elevundersøkinger
- Elevrådet har ulike aktivitetar.
- Reaksjon på uønska atferd. Kontakt med heim
- Zero

### sak 3) Litt om planane framover.

Storskulen heldt no på med eit prosjekt om 2.Verdskrig. Me har mykje høgtlesing og ser ein del filmer. Unni Helle Nordberg kjem ut på skulen for å holda eit foredrag. Det blir 2 utflukter i denne perioden. Den fyrste går i Marøyne der Kristin og Torill skal gje elevane ei grundig innføring i kva som skjedde der under krigen. Elevane skal og bli frakta i båt over til Forsøy. Den andre utslukten er til Bautaen på Kvalheim 8.mai. Her kan foreldre delta

### I tillegg skal me:

- 18.juni skal me til Bergen i Håkonshallen og Rosenkranztårnet. ( Det er diverre ikkje høve for foreldra å vera med på denne turen)
- Idrettsdag.
- NGIR i Kjevikdalen
- Handverksdag
- Hopp for livet 28.04 til 12.mai
- Klargjering av skulehagen
- I slutten av mai blir det sykkeldag der elevane skal få sykkelen sin godkjent av politiet.

#### Sak 4) Klassekontaktar for neste skuleår

Nye klassekontakter for neste skuleår er Eirin Misje og Vigdis Marøy. Det er Eirin Misje som skal vera FAU representant for klassen neste år.

Det var snakk om klassekassen på foreldremøtet. Sidan det ikkje er blitt betalt inn noko i haust, håpar klassekontaktane på at kvar heim vil betala inn 150 kr til kontonr: **3632 56 92620**

Det er ingen som blir tvinga til å betala, men det blir oppfordra til å setja inn pengar.

Til slutt vil eg takka for at så mange kom på foreldremøte. De er ein flott gjeng og eg set stor pris på kvar enkelt av dykk. Takk for alle tilbakemeldingar som gjer at skule-heim samarbeidet kan fungera og bli betre.

Kontaktlærer Torill Myrtveit Fjeld